

The logo for Grønn Ungdom, featuring the words "grønn" and "ungdom" in white lowercase letters on a green rounded square background.

grønn  
ungdom

# REDUSÉR MILJØSKADELEG REKLAME!

*Vedtatt av Grøn Ungdoms landsstyre 27.10.2019*

Miljøfiendtlig reklame bidrar til å halde oppe og forsterka ideen i samfunnet om at ein ikkje kan ha det hyggeleg utan at det skal kosta mykje for naturen. Vi vil ikkje forby reklame, men meiner at reklamemarknaden klarer seg fint utan miljøfiendtlig reklame som oppmuntrar folk til aktivitetar som er svært skadeleg for klimaet.

Med miljøskadeleg reklame meiner ein reklame som oppfordra aktivt til bruk eller handling som medfører direkte CO<sub>2</sub>-utslepp eller varige skadar i naturen. Reklame som oppfordra til et ikkje-bærekraftig samfunn.

## **Grønn Ungdom meiner at:**

- Det totale reklametrykket skal reduserast drastisk for å dempa kjøpepresset og få ned forbruket.
- Marknadsføring av fossilt drivne flyreiser ikkje skal tillatast.
- Marknadsføring for sal av fossilt drivne transportmiddel og fossilt drivstoff til privat bruk ikkje skal tillatast.
- Noreg bør i overnasjonale organer ta til orde for at dette òg blir gjeldande for internettbasert marknadsføring.
- Reklame for klede som gir frå seg mikroplast skal forbydast, og klede som inneheld plast skal tydeleg merkast.
- Reklame for kol, olje og gass skal ikkje tillatast.
- Reklame for fossil cruisetrafikk skal ikkje tillatast.